



Fjord kommune
Olavsgata 10
6210 VALLDAL
Att. Martin Flatmo Hove

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Fjord kommune

Områderegulering med KU Raudbergvika – Eidsdal

Varsel om oppstart for utvida planområde og høyring av revidert planprogram

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Det er planlagt eit stort landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika, med produksjon av 100.000 tonn matfisk i året. Raudbergvika ligg langt inne i Storfjorden, rett ved grensa til Verdsarvområdet og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

Berekningar viser at dette sannsynlegvis vil bli det største enkeltstående avløpsutsleppet i Noreg. Vi er uroa for Storfjorden som resipient, samt nasjonale og internasjonale naturverdiar knytt til området.

Bakgrunn

Oppstart for utvida planområde og revidert planprogram for områderegulering for Raudbergvika er lagt til høyring.

Oppstart av planarbeid var første gong varsla i november 2020. Utviding av planområdet med tunell mot Eidsdal vart varsla i mars 2021. Endringa frå sist oppstartsvarsel omfattar no blant anna ein om lag 5,7 km lang tunnel frå Raudbergvika til Eidsdal med fylling i sjø og etablering av industriområde nordvest for Eidsdal sentrum. Arealet her skal opne for etablering av ulike støttefunksjonar til oppdrettsanlegget.

Vi viser til våre fråsegn av 21.12.2020 og 15.04.2021 som står ved lag. Vi har i tillegg ut frå våre ansvarsområde følgande merknader til utvida planområde og revidert planprogram:

Planfagleg

Val av lokalitet for eit så omfattande oppdrettsanlegg på land burde vere eit resultat av ei meir overordna vurdering.

Tunnel, vegsystem og industriareal i Eidsdal sentrum vil gje store verknader for tettstaden. Vi oppfattar av oversendinga at kommunen planlegg regulering av Eidsdal sentrum samtidig som ny ferjekai er under planlegging. Statsforvaltaren meiner at ein burde sjå alle desse prosjekta i lag, og lage felles plan for Eidsdal slik at ikkje eit av prosjekta vil kunne gje uheldige føringar for andre ønska tiltak i bygda.

Det er i dag ein betydeleg interesse for akvakultur på land, og det ligg føre mange slike søknader og planar om slike anlegg nasjonalt. Regjeringa skriv i strategien *Et hav av muligheter – regjeringas havbruksstrategi* (utgitt av Nærings- og fiskeridepartementet i juni 2021) at regjeringa framleis vil legge til rette for akvakultur på land. Det blir også trekt fram at ei slik utvikling og vekst ikkje må kome i staden for løyver i sjø, fiskehelse og smitteomsyn (biosikkerheit), miljøomsyn eller arealbruk i strandsona.

Interkommunal sjøområdeplan er under planlegging for Storfjorden. Eventuelle landbaserte anlegg med mogleg påverknad på fjordsystemet burde også avklarast i overordna plan. Med ein interkommunal sjøområdeplan vil ein vurdere heile fjordsystemet under eitt, og kunne planlegge industri og næring opp mot fjorden si toleevne.

Vi registrerer at Sjøfartsdirektoratet ikkje står som kopimottakar. Vi ber om at dei får høve til å gje uttale i planprosessen.

Forureining

Det planlagde anlegget vil produsere mykje næringsstoff og nedbrote partiklar av fôr og avføring, og vil sannsynlegvis bli det største enkeltstående avløpsutsleppet i Noreg.

Avløp

Av planprogrammet går det fram at reinseprosess for slam og avfall frå fiskeoppdrettet og konsekvens i utsleppsområdet skal inngå i konsekvensutgreiinga. Parallelt med reguleringsplanprosessen har World Heritage Salmon AS søkt om løyve etter akvakulturlova. Denne søknaden er satt på vent fram til konsekvensutgreiinga er ferdig, og har ikkje vært på høyring. Statsforvaltaren legg her også vekt på nokre av dei opplysningane som går fram av denne søknaden, som til dømes at det er planlagt metode for reinsing med mekanisk trommelfilter.

Planprogrammet viser til bærekraftsmål nr. 14 og at reduksjon av utslepp og tilpassing av klimaendringar er sentrale utfordringar, og at landbasert oppdrett vil kunne bli eit viktig bidrag til ei berekraftig utvikling av havbruksnæringa. Moglegheitene for reinsing av avføring, auka kontroll over utslepp og ingen spreiding av lakselus har gjort at mange har satt sin lit til at landanlegg for matfisk skal løyse mykje av konfliktane som har oppstått frå akvakulturnæringa.

Det er planlagt produksjon av om lag 100 000 tonn laks årleg. Dette er etter det vi kjenner til verdstast nest største planlagde landbaserte anlegg. Til no er Noregs største godkjente landanlegg, som har fått løyve, ein planlagt produksjon på 40.000 tonn. Store anlegg med mykje fisk fører til meir utslepp. Tidlegare har mengda og storleik på fisken, samt utsleppet i landbaserte anlegg, vært mykje mindre enn i opne oppdrettsanlegg.

I søknaden etter akvakulturlova er det oppgitt at anlegget ved full produksjon av fisk vil sleppe ut 4645 tonn organisk stoff, 458 tonn fosfor og om lag 4383 tonn nitrogen **etter reinsing**¹. For å gje eit betre bilde av storleiken på utsleppa kan ein samanlikne dei med kjente kloakkutslepp.

Det nye avløpsanlegget for Ålesund og Sula, Kvasnes, har vore hyppig omtala i media grunna det planlagde utsleppet til Storfjorden. Anlegget er dimensjonert for å behandle avløpsvatn med ein belastning på 70.000 personekvivalentar (pe²)³. Kvasnes blir eit sekundærreinseanlegg med ein reinsegrad på 80-90%. Om ein gjer ei rask berekning vil dette utgjere om lag 7000-14.000 pe i reinsa utslepp. Det planleggast også utfelling av nitrogen og fosfor som vil redusere utsleppa ytterlegare. Ut i frå standard reinsegrad for eit kloakkanlegg med sekundærreinsing vil utsleppet ligge på 153-307 tonn organisk stoff, 257 tonn nitrogen og 28 tonn fosfor⁴. Utsleppet til WHS vil bli 15-30 gonger større enn Kvasnes på organisk stoff, 17 gonger større på nitrogen og 16 gonger større på fosfor.

Rådgivande biologer AS har rekna utsleppet til WHS til personekvivalentar (pe) for å samanlikne utsleppet med kloakk frå Oslo by. I ein av rapportane som er vedlagt akvakultursøknaden⁵, skriv dei at **det reinsa** utsleppet av nitrogen (i pe) frå anlegget tilsvare 1,2 gonger avløpsbelastninga frå den samla befolkninga i Oslo på om lag 680.000 (med lik tal pe). Derimot blir utsleppet i Oslo reinsa gjennom fleire separate reinseanlegg. Statistikk frå SSB viser at i 2019 hadde Oslo fylke og Akershus tidlegare fylke ei samla befolkning på 1 326 682⁶, men det årlege utsleppet frå desse **etter reinsing** var berre på 2539 tonn nitrogen og 75,1 tonn fosfor⁷. Det **reinsa utsleppet** frå WHS er dermed 1,7 gonger større for nitrogen og 6,1 gonger større for fosfor. Det reinsa utsleppet frå det planlagde anlegget i Raudbergvika er dermed mykje større enn utsleppet frå Stor-Oslo.

Korleis miljøet i fjorden reagerer på utslepp er avhengig av storleiken på utsleppet, lokale straumtilhøve, oksygentilhøve og det lokale økosystemet. Rester av fôr og avføring kan, under dei rette tilhøva, bygge seg opp på havbotn og føre til oppblomstring av algar, bakteriar eller sopp. Dette vil igjen påverke sjødyra som beiter på desse. Auka næringstilførsel kan føre til at populasjonar av algar og sjødyr aukar utover det som er normalt i fjorden. Ettersom desse nyttar oksygen for å bryte ned næringsstoff kan denne situasjonen i verste fall føre til oksygenmangel som gjer at sjølv dei mest tolerante artane forsvinn. Slike endringar kan igjen føre til endringar oppover i næringskjedene i økosystemet rundt anlegga.

Forskning på utslepp frå mindre landbaserte anlegg og reinsing av kloakkvatn er avgrensa. Eksisterande forskning viser at reinsing med berre mekanisk reinsing er lite effektiv, sidan desse som regel berre klarer å fjerne dei største slampartiklane i avløpet. Forskinga viser også at man ikkje klarer å oppnå ein fast reinseffekt, ettersom denne avhenger av tettheita av partiklar i vatnet. Avløpet frå akvakultur er betydeleg meir utvatna enn i avløp, og utvatning av avløp fører til redusert

¹ Rådgivende Biologer AS, 2021. Dokumentasjonsvedlegg til søknad om landbasert konsesjon for World Heritage Salmon AS i Raudbergvika i Fjord kommune, med konsekvensutredning. Rapportnummer 3299, ISBN 978-82-8308-802-1

² Personekvivalent (PE) Belastning på et avløpsanlegg pr person med hensyn til vannvolum og/eller forurensningsmengde pr døgn, målt som BOF, fosfor eller nitrogen. 1 pe tilsvarer avløpsmengden fr 1 person.

³ Rådgivende Biologer rapport 3280 Etablering av nytt avløpsreinseanlegg ved Kvasneset i Sula kommune https://blafjordar.no/f/p19/if1f5d55b-75fc-4bc6-b2c9-bdad88beea03/rappport-rb_3280-nytt-reinseanlegg-kvasneset-straum-og-avlop.pdf

⁴ Molvær, J. (2018). Sula kommune. Vurdering av miljøpåvirkning ved utslipp av kommunalt avløpsvann fra et renseanlegg ved Kvasnes. Molvær Resipientanalyse, Oslo. Rapport 19.3.2018

⁵ Rådgivende Biologer AS (2021). Dokumentasjonsvedlegg til søknad om landbasert konsesjon for World Heritage Salmon AS i Raudbergvika i Fjord kommune, med konsekvensutredning. Rapportnummer 3299, ISBN 978-82-8308-802-1

⁶ <https://www.ssb.no/befolkning>

⁷ <https://www.ssb.no/natur-og-miljo/vann-og-avlop>

reinseeffekt. Ein stor del av avføringa og fôrspel slepp rett ut i miljøet ved mekanisk reinsing. Utsleppet etter reinsing er allereie betydeleg, men den valte reinseteknologien tilseier at utsleppet kan bli mykje større enn antatt.

I tillegg til at berekningane viser at utsleppet frå anlegget vil bli omfattande, legg vi også vekt på at det ikkje finns erfarings- og kunnskapsgrunnlag til å vurdere konsekvensane av eit anlegg i dette omfanget.

Sett i lys av at anlegget er lokalisert langt inne i ein fjord, og er ein del av det samanhengande fjordsystemet som utgjer verdsarv og landskapsvernområde, stiller vi oss svært kritiske til etablering av eit slik anlegg her. Det er usikkert kva slags konsekvensar utsleppet vil få for Storfjorden. Anlegget kan ikkje byggast med reinsemetoden som er valt i innsendte søknad etter akvakulturlova. Vi er også i sterk tvil om ein med alternative reinsemetoder vil få ein slik reinsegrad at ein kan forsvare ei lokalisering av eit så stort anlegg ved Raudbergvika.

Vi ber om at planarbeidet også gjer greie for samla belastning av Storfjordsystemet. Dette bør også inkludere utslepp frå det planlagde reinseanlegget ved Kvasneset i Sula kommune, samt eksisterande kloakkreinseanlegg og industri.

Massehandtering

Av revidert planprogram går det fram at om lag 10 prosent av massane er aktuelle å bruke i Raudbergvika for å rette ut fyllingslinja og plastre fyllingskanten. Resterande vil truleg gå med til utfylling i Eidsdal.

Vi oppfordrar tiltakshavar til å finne prosjekter der det er eit reelt behov for sprengstein slik at massane kan nyttiggjerast og behov for dumping av massar i fjorden unngåast eller avgrensast. Utfylling i Eidsdal vil kunne gje store verknader for strandsone og for tettstaden Eidsdal. Alternative areal for etablering av industriareal må utgreiast, og konsekvensutgreiinga må vise fordelar og ulemper med dei ulike alternativa.

Vi er kjent med at det er gjort nye registreringar av marint naturmangfald i samband med akvakultursøknaden. Vi føreset at planar om dumping av massar tek omsyn til registreringane og at ein ikkje dumper massar på lokalitetar som vil gje uheldige verknader for sårbare naturtypar eller artar.

Natur- og miljøvern

Verdsarv/landskapsvernområde

Vi meiner at det planlagde anlegget vil kunne truge dei nasjonale naturverdiane knytt til verdsarvområdet og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

Vestnorsk fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden står på UNESCOs liste over verdsarvområde som har særleg krav til vern. Det er det einaste norske naturområdet på verdsarvlista. Det er knytt stor internasjonal merksemd til korleis desse områda blir forvalta, og det er forventningar om at verdsarvområda skal syne beste praksis i ivaretaking av natur og/eller kulturverdiar.

Eit stortingsvedtak har bestemt at det skal vere nullutslepp i verdsarvfjordane før 2026, dette omfattar avløp frå skipsfart. Dei fleste cruise-, passasjerskip og ferja får dermed ikkje sleppe ut kloakk eller gråvatn i desse områda etter 2026. Noreg og Vestnorsk fjordlandskap har fått

internasjonal anerkjenning og merksemd mellom anna for dette arbeidet, med mål om forureiningsfri ferdsel på verdsarvfjordane.

Det vil i så fall vere svært uheldig om ein plassere eit anlegg som vil kunne bli Noregs største utslepp målt i form av organisk stoff, fosfor og nitrogen ved utløpet til Sunnlyvsfjorden. Vi viser til Miljødirektoratets fråsegn av 22.12.2020 og Møre og Romsdal fylkeskommune si fråsegn av 18.08.2021 som viser til at ei konsekvensutgreiing må følgje metodikk beskrive i rettleiingsskriv utarbeidd av IUCN og ICOMOS.

Vi viser til merknadene under avsnittet forureining, og varslar at vi vil **vurdere å fremme motsegn** til etablering av eit landbasert anlegg som vil truge dei nasjonale naturverdiane knytt til verdsarvområdet og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Planområdet er utvida til òg å omfatte tunell til Eidsdalen og nytt industriområde i Eidsdalen. Arbeidet med ROS-analysen må inkludere nye/utvida område. Mellom anna er kvikkleire, stormflod, skred og sekundærverknadar av skred aktuelle tema i analysen. Dersom det vert aktuelt å planlegge etter byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-4 i Eidsdalen, er det ein stor fordel om heile Eidsdalen er omfatta av same plan. At Eidsdalen sjåast i samanheng vil betre sikre at eventuelle arealendringar er ein del av ein heilskapleg plan for tettstaden og kommunen. Det vil òg vere betre om kommunen både kan identifisere alternative, hensiktsmessige og trygge byggeareal, og regulere til desse arealføremåla i same planprosess om ein planlegg etter TEK17 § 7-4.

Det er planar om biogassanlegg og oksygenfabrikk i planområdet. Vi gjer merksam på at dersom desse tiltaka fell inn under storulukkesforskrifta kan dei ikkje plasserast i skred-, flaum-, eller stormflodfarlege område, jf. TEK17 §§ 7-2 og 7-3. I tillegg, dersom ein planlegg etter TEK17 § 7-4, kan ikkje bygg/installasjonar som kan medføre akutt ureining plasserast i område med flodbølgjefare.

Vi viser elles til vår fråsegn av 21.12.2020.

Strandsone

I hundremetersbeltet langs sjø og vassdrag skal kommunen ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. plan- og bygningslova § 1-8 første ledd.

Langs sjøen er det eit generelt forbod mot tiltak i 100-metersbeltet. Det generelle forbodet gjeld i utgangspunktet for alle planformål, og for alle typar tiltak nemnt i § 1-6 første ledd. Strandsona har kvalitetar som gjer den verdfull som fellesgode for alle. Det er viktig å ta vare på desse areala på lang sikt.

Tunnelopning, vegsystem og utfylling i sjø med nytt industriareal vil gje store inngrep i landskapet. Anlegget vil bli godt synleg frå sjø og frå nordsida av Norddalsfjorden. Som vi skreiv i vårt brev av 15.04.2021, er Eidsdal innfallsporten til verdsarvområde og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde på landsida. Vi viser til fylkeskommunens fråsegn som summerer området verdi for kulturminne og kulturmiljø, og vurderer at etablering av industriareal her vil gje store verknader for arealet i seg sjølv og bygda Eidsdal.

Kommunen har kategorisert badeplassen i strandsona i kategorien viktig. Det er såleis ålmenne interesser knytt til strandsona innanfor planområdet. Konsekvensar for friluftsliv og ålmenne

interesser må utgreiast. Det må også utarbeidast gode illustrasjonar av verknadene for landskapet, samt vurderast alternative areal for industri.

Barn og unge

Planområdet omfattar strandsone og ein viktig badeplass. Ved å etablere industriareal i sentrum kan påverke barn og unges oppvekstvilkår, og vi ber om at dette blir eit utgreiingstema i konsekvensutgreiinga, jf. *Forskrift om konsekvensutredninger § 21*.

Vi viser til vår førre fråsegn. I tillegg minner vi om punkt 5 d i *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging*: «ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning (vår understreking)».

Landbruk

Ved all form for nedbygging av dyrka mark, om det gjeld til campingføremål eller havbruksnæring, så vil Statsforvaltaren stille krav om at all matjord vert ivareteke og nytta til nydyrking eller arronderingsmessige tiltak hjå ein matprodusent i aktiv drift. Rettleiaren *Jordmassar – frå problem til ressurs* skal eventuelt nyttast i arbeidet både ved planlegging og praktisk gjennomføring <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/bilder-fmmr/14-landbruk/jordvern/jordmasser---fra-problem-til-ressurs.pdf>.

Konklusjon

Statsforvaltaren stiller seg svært kritisk til etablering av eit så stort landbasert oppdrettsanlegg, med påfølgande store utslepp, i Storfjorden og rett utafor grensa til verdsarv og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Alternativt areal som ikkje vil vere i konflikt med nasjonale og internasjonale verdiar må utgreiast. Vi varslar at vi vil vurdere motsegn av omsyn til nasjonale interesser knytt til verdsarvområde og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde jf. punkt 3.9 i T-2/16.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Forureining: Trond Roger Oskars, tlf. 71 25 85 78
Massehandtering: Thomas Aurdal, tlf. 71 25 84 67
Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer
NVE vest, Naustdalsvegen 1b, 6800 Førde

Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim
Fiskeridirektoratet, Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen
Kystverket, Postboks 1502, 6025 Ålesund
Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brumunddal
Miljødirektoratet, Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim
Sjøfartsdirektoratet, Postboks 2222, 5509 Haugesund
Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen, Postboks 2520, 6404 Molde